



Saksmappe: 2022/99
Sakshandsamar: SLS
Dato: 09.06.2026

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
104/26	Planutval	15.06.2026
53/26	Kommunestyret	18.06.2026

Grovsiling av innspel til sti- og løypeplanen 2. behandling

Kommunedirektørens si tilråding

Kommunestyret sluttar seg til grovsiling av innspel til ny sti- og løypeplan, slik det kjem fram av vedlagt dokument «Grovsiling av innspel til sti og løypeplanen 020626» og med grunnlag i administrasjonen sine vurderingar.

Planutval si handsaming av sak 104/2026 i møte den 15.06.2026:

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteke med desse endringane frå planutvalet

Forslag Sigmund A. Trydal (SP)

- Pkt. 28 merkast raud - vedteke 5-2 (stemte mot Anne Merethe Hjemdahl og Bjørn Erling Auestad)
- Pkt. 35 merkast raud - falt (fekk 3 røyster Espen Mikkelsen, Olav Skinnarland & Sigmund A. Trydal)
- Pkt. 60 merkast raud - falt (fekk 2 røyster Espen Mikkelsen & Sigmund A. Trydal)
- Pkt. 94 merkast raud - falt (fekk 3 røyster Espen Mikkelsen, Olav Skinnarland & Sigmund A. Trydal)
- Pkt. 118 merkast raud - falt (fekk 2 røyster Espen Mikkelsen & Sigmund A. Trydal)
- Pkt. 127 merkast raud - falt (fekk 2 røyster Espen Mikkelsen & Sigmund A. Trydal)

Forslag frå Olav Skinnarland (Krf):

- Pkt. 98 merkast grøn - vedteke 6-1 røyst (Sigmund A. Trydal)

Forslag frå Espen Mikkelsen (V):

- Pkt. 119 merkast grøn - samrøystes vedteke

Vedtak

Kommunestyret sluttar seg til grovsiling av innspel til ny sti- og løypeplan, slik det kjem fram av vedlagt dokument «Grovsiling av innspel til sti og løypeplanen 020626» og med grunnlag i administrasjonen sine vurderingar.

Med endringar frå planutvalet

- Pkt. 28 - merkast raud
- Pkt. 98 - merkast grøn
- Pkt. 119 - merkast grøn

Kommunestyret si handsaming av sak 53/2026 i møte den 18.06.2026:

Handsaming

Åsmund Hoslemo vart vurdert om ugild til å handsame saka. Han vart vurdert ugild med 8 mot 4 røyster, heimla i forvaltningslova §6.

Gildskapsvurdering Åsmund Hoslemo (BB)	Åsmund Hoslemo vart erklært ugild
Ugild 8	Gild 4
Høgre (3/3) Bjørn Erling Bakken Auestad Anne Merethe Hjemdahl Roy Bakke Arbeidarpartiet (3/3) Sondre Hoslemo Hans Blattmann Inger Lise Gjerden Kristeleg Folkeparti (1/1) Thor Bernhard Sagland Senterpartiet (1/2) Steinar Haugen	Senterpartiet (1/2) Sigmund Alfson Trydal Venstre (2/2) Espen Wolles Mikkelsen Randi Steinsholt Uavhengig (1/1) Anne Karin Blix Grimestad

Saka vart drøfta

Punktvisе forslag til endringar som vart fremma i Planutvalet vart votert over punkt for punkt

Endringsforslag frå Sigmund Alfson Trydal SP:

Pkt. 28 merkast raud

Pkt. 35 merkast raud

Pkt. 60 merkast raud

Pkt. 94 merkast raud

Pkt. 118 merkast raud

Pkt. 127 merkast raud

Endringsforslag frå Espen Wolles Mikkelsen V:

Pkt. 119 merkast grøn

Endringsforslag frå Planutvalet (opphaveleg Olav Skinnarland KrF):

Pkt. 98 - merkast grøn

Voteringar:

Pkt. 28 merkast raud - samrøystes vedteke

Pkt. 35 merkast raud - nedrøysta med 7 mot 6 røyster

Forslag frå S. A. Trydal (Sp) fremma i planutvalet (Punkt 35)	Fallen
FOR 6	MOT 7
Venstre (2/2) Espen Wolles Mikkelsen Randi Steinsholt Senterpartiet (2/2) Sigmund Alfson Trydal Steinar Haugen Uavhengig (1/1) Anne Karin Blix Grimestad Kristeleg Folkeparti (1/1) Thor Bernhard Sagland	Arbeidarpartiet (3/3) Hans Blattmann Inger Lise Gjerden Sondre Hoslemo Høgre (3/3) Roy Bakke Bjørn Erling Bakken Auestad Anne Merethe Hjemdahl Bykle bygdeliste (1/1) Nina Skiftenes

Pkt. 60 merkast raud - nedrøysta med 8 mot 5 røyster

Forslag frå S. A. Trydal (Sp) fremma i planutvalet (Punkt 60)	Fallen
FOR 5	MOT 8
Senterpartiet (2/2) Steinar Haugen Sigmund Alfson Trydal Uavhengig (1/1) Anne Karin Blix Grimestad Venstre (2/2) Espen Wolles Mikkelsen Randi Steinsholt	Arbeidarpartiet (3/3) Hans Blattmann Inger Lise Gjerden Sondre Hoslemo Høgre (3/3) Bjørn Erling Bakken Auestad Roy Bakke Anne Merethe Hjemdahl

	Bykle bygdeliste (1/1) Nina Skiftenes Kristeleg Folkeparti (1/1) Thor Bernhard Sagland
--	---

Pkt. 94 merkast raud - nedrøysta med 8 mot 5 røyster

Forslag frå S. A. Trydal (Sp) fremma i planutvalet (Punkt 94)	Fallen
FOR 5	MOT 8
Uavhengig (1/1) Anne Karin Blix Grimestad Venstre (2/2) Espen Wolles Mikkelsen Randi Steinsholt Senterpartiet (2/2) Steinar Haugen Sigmund Alfson Trydal	Arbeidarpartiet (3/3) Inger Lise Gjerden Hans Blattmann Sondre Hoslemo Høgre (3/3) Anne Merethe Hjemdahl Roy Bakke Bjørn Erling Bakken Auestad Bykle bygdeliste (1/1) Nina Skiftenes Kristeleg Folkeparti (1/1) Thor Bernhard Sagland

Pkt. 118 merkast raud - nedrøysta med 8 mot 5 røyster

Forslag frå S. A. Trydal (Sp) fremma i planutvalet (Punkt 118)	Fallen
FOR 5	MOT 8
Venstre (2/2) Randi Steinsholt Espen Wolles Mikkelsen Senterpartiet (2/2) Steinar Haugen Sigmund Alfson Trydal	Arbeidarpartiet (3/3) Hans Blattmann Sondre Hoslemo Inger Lise Gjerden Bykle bygdeliste (1/1) Nina Skiftenes Kristeleg Folkeparti (1/1)

Uavhengig (1/1) Anne Karin Blix Grimestad	Thor Bernhard Sagland Høgre (3/3) Roy Bakke Anne Merethe Hjemdahl Bjørn Erling Bakken Auestad
---	--

Pkt. 127 merkast raud - vedteke med 7 mot 6 røyster

Forslag frå S. A. Trydal (Sp) fremma i planutvalet (Punkt 127)	Vedteke
FOR 7	MOT 6
Arbeidarpartiet (2/3) Inger Lise Gjerden Hans Blattmann Senterpartiet (2/2) Steinar Haugen Sigmund Alfson Trydal Venstre (2/2) Randi Steinsholt Espen Wolles Mikkelsen Uavhengig (1/1) Anne Karin Blix Grimestad	Kristeleg Folkeparti (1/1) Thor Bernhard Sagland Høgre (3/3) Bjørn Erling Bakken Auestad Anne Merethe Hjemdahl Roy Bakke Arbeidarpartiet (1/3) Sondre Hoslemo Bykle bygdeliste (1/1) Nina Skiftenes

Pkt. 119 merkast grøn - samrøystes vedteke

Pkt. 98 - merkast grøn - vedteke med 9 mot 4 røyster

Frå innstilling frå Planutvalet (Punkt 98)	Vedteke
FOR 9	MOT 4
Høgre (3/3) Roy Bakke Bjørn Erling Bakken Auestad Anne Merethe Hjemdahl Arbeidarpartiet (2/3) Sondre Hoslemo	Senterpartiet (2/2) Sigmund Alfson Trydal Steinar Haugen Arbeidarpartiet (1/3) Hans Blattmann

Inger Lise Gjerden Venstre (2/2) Espen Wolles Mikkelsen Randi Steinsholt Bykle bygdeliste (1/1) Nina Skiftenes Kristeleg Folkeparti (1/1) Thor Bernhard Sagland	Uavhengig (1/1) Anne Karin Blix Grimestad
---	---

Kommunedirektøren si tilråding med vedteke endringar vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kommunestyret sluttar seg til grovsiling av innspel til ny sti- og løypeplan, slik det kjem fram av vedlagt dokument «Grovsiling av innspel til sti og løypeplanen 020626» og med grunnlag i administrasjonen sine vurderingar.

Med endringar:

Pkt. 28 merkast raud

Pkt. 98 - merkast grøn

Pkt. 119 merkast grøn

Pkt. 127 merkast raud

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Innspela til sti- og løypeplanen er vurdert etter kriteria kost/nytte, omsyn til villrein, tilrettelegging for nærturar, samanbinding og oppgradering av eksisterande tur- og løypenett og attraktivitet. Dei innspela som blir silt bort i denne omgang, blir ikkje tatt med vidare til konsekvensutgreiing og vidare vurderingar. Eksisterande turvegar og løyper som ligg i gjeldande sti- og løypeplan, vil også bli vurdert basert på ny kunnskap og nye føringar i det vidare planarbeidet.

Bakgrunn for saka

Planprogrammet for revidering av kommuneplanen sin arealdel seier at planarbeidet skal inkludere revidering av sti- og løypeplanen. Det har kome innspel til endringar over fleire år. Arbeidet med revideringa av sti- og løypeplanen starta i september

2025. Invitasjon til å kome med innspel vart annonsert med frist 1. desember 2025. Totalt kom det inn 73 innspel. Dei innkomne innspela er lagt ved saka. I tillegg er relevant innhald frå møtereferat i andre prosessar tatt med. Det er også tatt med nokre innspel frå administrasjonen.

Grovsilinga var til politisk behandling i planutvalet 16.02.2026, sak 29/2026, som gjorde følgjande vedtak om endring av konklusjon:

- Nr. 27 – ikkje med i det vidare planarbeidet
- Nr. 119 – med i det vidare planarbeidet

Grovsilinga var til politisk behandling i kommunestyret 26.02.2026, sak 18/26. Kommunestyret vedtok å utsette saka for å gi rørte grunneigarar moglegheit til å gi innspel til grovsilinga. Saksprotokoll frå dei politiske behandlingane ligg vedlagt.

På bakgrunn av dette vart det invitert til grunneigarmøte 19.03.2026. Dei som møtte fekk anledning til å gi skriftleg uttale knytt til løyper over eigen eigedom med frist 08.04.2026. Det kom inn 5 uttalar. Desse er tatt med i grovsilinga, og er lagt ved som eige vedlegg til denne saka.

Etter førre politiske behandling er det etter ein grundigare gjennomgang av innkomne innspel, lagt til 6 nye tiltak i grovsilinga. Det er i tillegg gjort endring av konklusjon for nokre av tiltaka basert på uttalane frå grunneigarane. Samla sett vurderer kommunedirektøren at dette i sum utgjer ei vesentleg endring av grovsilinga. Saka blir difor fremja på nytt både for planutvalet og kommunestyret.

Formelt grunnlag

Plan og bygningslova § 11-5 Kommuneplanen sin arealdel

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Ikkje vurdert som relevant i denne saka.

Vurderingar og konsekvensar

Sidan det er så mange innspel, så er det nyttig å gjere ei grovsiling for å avgrense omfanget av det vidare planarbeidet. Det vedlagte dokumentet «Grovsiling av innspel til sti- og løypeplanen 020626» gir ei sortert oversikt over dei innkomne innspela.

Innspel som omhandlar same tiltak, er gruppert saman. Eit innspel kan omhandle fleire tiltak.

Det er totalt 128 ulike tiltak i dokumentet. Administrasjonen har gitt si vurdering av kvart tiltak, og om det er foreslått tatt med i det vidare planarbeidet eller ikkje. Dette dokumentet ligg til grunn for kommunedirektøren si tilråding.

Det er etablert ei prosjektgruppe for planarbeidet. Prosjektgruppa består av representantar frå politiske råd og utval, idrettslag, grunneigarrepresentantar, næringslag, Destinasjon Hovden, løypelag, ressursgruppa for hyttevelforeiningane og administrasjonen. Prosjektgruppa har gjort ei grov prioritering av dei fleste forslaga til tiltak eller tur- og løypetrasear. Prioriteringa kjem fram i den siste kolonnen i skjemaet. Prioriteringa er ein del av grunnlaget for administrasjonen si vurdering.

Dei innkomne innspela finn de i dokumenta

- Alle innkomne innspel oppdatert 110326
- Innkomne innspel etter grunneigarmøte 190326

Grovsilinga er vurdert etter kriterium som kost/nytte, omsyn til natur og miljø, tilrettelegging for nærturar og utfartsområde, samanbinding og oppgradering av eksisterande tur- og løypenett og attraktivitet. Dei innspela som blir silt bort i denne omgang, blir ikkje tatt med til vidare vurderingar og konsekvensutgreiing. I det vidare arbeidet blir fleire kriterium lagt til grunn som eksempelvis naturfare og naturtype. Eksisterande turveggar og løyper som ligg i gjeldande sti- og løypeplan, vil også bli vurdert i det vidare planarbeidet basert på ny kunnskap og nye føringar. Det kan i den vidare prosessen også bli tatt inn andre tiltak i planforslaget basert på ny kunnskap som for eksempel gjennomført spørjeundersøking blant ungdommane.

Endringar i grovsilinga sidan 1. behandling i planutvalet

Dokumentet med grovsiling av innspel er endra/oppdatert på bakgrunn av følgjande:

- Eit innspel har ikkje blitt fanga opp. Det er lagt til som tiltak nr. 123.
- Moglegheitsstudien for Bykle kyrkjebygd omtalar nye turveggar/forbindingar. Dette er nemnd i nokre av innspela. Moglegheitsstudien sine forslag er lagt til

som tiltak nr. 124-126. I tillegg er det lagt inn tilvising til desse i vurderinga av tiltak nr. 69.

- Del av hovudtrase for HovdenTour er lagt inn som tiltak nr. 127.

Kommunedirektøren legg vekt på uttalar frå grunneigarar gjeldande tiltak på eigen eigedom. Det er likevel viktig å sjå tiltaka i eit større samfunnsperspektiv også, spesielt med tanke på folkehelse, klima og miljø og næringsutvikling inkludert landbruksdrift. Etter grunneigarmøte 19.03.2026 og innkomne innspel frå grunneigarane, er det gjort følgjande endringar i grovsilinga i høve til 1. politiske behandling:

- Nr. 2 - **Endra konklusjon** grunna omsyn til villrein og grunneigarar
- Nr. 27 - **Endra konklusjon** grunna omsyn til villrein og tilkomst over regulert vatn
- Nr. 72 - **Endra konklusjon** grunna omsyn til grunneigar og pågåande etablering av g/s-veg langs rv9
- Nr. 98 - **Endra konklusjon** grunna omsyn til villrein og grunneigarar
- Nr. 128 – **Nytt tiltak**

Tilhøve til kommuneplanen

Revidering av sti- og løypeplanen følgjer opp vedtatt planprogram for kommuneplanen sin arealdel.

Konsekvensar for folkehelse

Revidering av sti- og løypeplanen bidrar til fokus på og tilrettelegging for attraktive ferdselsårer både for fastbuande og tilreisande. Fokus på utfartsområde både sommar og vinter og universell tilrettelegging utvalde stader bidrar til enkel og trygg bruk av tur- og løypenettet for alle. Nærturar og variasjon i tilbodet i heile kommunen er eit mål i planarbeidet.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Groversling av innspel til sti- og løypeplanen 020626
- 2 Alle innkomne innspel 110326
- 3 Innkomne innspel etter grunneigarmøte 190326
- 4 Saksprotokoll Groversling av innspel til sti- og løypeplanen 260226

Melding om vedtak blir sendt til: